## JUL FØR OG NO - Hundrevis av julehefte

22.12.2011




Smørbukk kom ut frå 1938 som teikneserie i Norsk Barneblad Dette er Smørbukk frå 1985

**Av 100 eldre julehefte på1900-talet har vi mykje**
**å bla gjennom og leggja til grunn for dette innlegget.**
**Eit julehefte er ein spesiell publikasjon som kjem ut kvar jul.**
**Julenummeret til Uskedalsposten er langt på veg**
**eit julehefte i form og innhald.**




Fra fjord og fjære, eit lokalt hefte i Sunnhordland,Magnus Hardeland var i mange år fast teiknar

Det fyrste julehefte kom ut i Drammen alt i 1817.
Seinare kom det meir moderne folkeopplysande og nasjonalromantiske julehefte med bilete av nissar og gåver til borna.
Som teikneserie var Knoll og Tott fyrst ute som julehefte i 1911.
Hefte kosta i 1918 90 øre. Det tilsvara to timeløner for ein

normal industriarbeidar på den tida.
Seinare kom dei hefta vi kjenner i dag:
Nils Blåmann, Nr. 91 Stomperud,Vangsgutane og Smørbukk.
Joletre var julehefte til Norsk Barneblad.

Ulike yrkesgrupper hadde sine julehefte, som t.d. brannmennene.
Indre og ytre misjonslag, idelle organisasjonar og forlag hadde alle sine julehefte.

Av lokale julehefte må vi særleg nemna Fra Fjord og Fjære,
utgjeve av kyrkjebladet Helg og yrke.
Av meir lokalhistoriske julehefte tek vi med: Hardangerjol,
Jol iSogn, Jol i Sunnfjord og Jul i Hallingdal.

Sjøfolka var ei sterk og markert yrkesgruppe .
I samlinga mi har eg fire ulike julehefte berre om sjøfolk,
fangstfolk og redningsskøyta.

Av Kristian Olav Bringedal




Joletre frå 1916, velkjent for dei som tinga Norsk Barneblad